



Møteprotokoll

Utval:	Partssamansett utval Nye Øygarden kommune
Stad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	04.06.2019
Tid:	09:00 - 10:30

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Nina Zandstra	Medlem	Utdanningsforbundet
Bodil Aleksandersen	Medlem	Fagforbundet
Cathrine Olsen	Medlem	Utdanningsforbundet
Hildegunn Høyland	Medlem	Fagforbundet
Solveig D Rong	Medlem	Fagforbundet

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
Børge Haugetun	NESTL	TVØ
Tom Georg Indrevik	MEDL	H
Espen Harkestad	MEDL	AP
Vibecke Hodnekvam	MEDL	Utdanningsforbundet

Varamedlemer som møtte:

Svein Petter Bergh	for Anita Garlid Johannessen	SL
Atle Dåvøy	for Børge Haugetun	KRF
Ingen vara	for Tom Georg Indrevik	H
Solveig Grepperud	for Espen Harkestad	AP
Anne Grethe Andersen	for Vibecke Hodnekvam	Utdanningsforbundet

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Leiar Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 7/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 8/19	Referatsaker og orienteringar
PS 9/19	Anbudsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune
PS 10/19	Drøftingssak: Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess
PS 11/19	Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

PS 7/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Det var fjorten medlemmer til stades av utvalet då medlem Tom Georg Indrevik ikkje hadde vara til møtet.

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (23.04.2019) vart godkjente utan merknader.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 8/19 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Det var ingen referatsaker eller orienteringar til møtet.

Saka vart teken til orientering.

Vedtak i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Saka vert teken til orientering.

PS 9/19 Anbudsprosess på forsikra løysing for pensjon i Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda tek saka til orientering

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland delte ut skriv til partssamansett utval, på vegne av hovudsamanslutningane og organisasjonane, om innspel og endringsframlegg til tildelingskriterier og tidsfristar i framdriftsplanen for val av pensjonsleverandør. Partssamansett utval vart samde om at skrivet skal følgje saka vidare til fellesnemnda som **nytt** vedlegg.

Innstillinga vart deretter røysta over, og vedtatt tilrådd frå partssamansett utval til fellesnemnda med 13 stemmer (mindretalet 1 SL).

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Fellesnemnda tek saka, med vedlegg frå hovudsamanslutningane og organisasjonane, til orientering.

PS 10/19 Drøftingssak: Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - rammer, prinsipp og prosess

Innstilling:

1. Partsamansett utval for Nye Øygarden kommune tar vedlagt drøftingssak til orientering.
2. Partsamansett utval for Nye Øygarden kommune ønskjer å gje følgjande innspel:
 -
 -
 -

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Medlem Jogeir Sognnæs bad utvalet vurdere om han er gild i saka då han er tilsett som leiar i eining i Nye Øygarden kommune som vert påverka av val av lokalisering av tenestane. Partssamansett utval vart samde om at Sognnæs ikkje har særskilte interesser og vurderte han som gild i saka.

Hovudtillitsvald Nina Zandstra delte ut skriv til partssamansett utval, på vegne av hovudsamanslutningane og organisasjonane, om innspel og endringsframlegg til rammer, prinsipp og prosess for lokalisering av ulike administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune. Partssamansett utval vart samde om at skrivet skal følgje saka vidare til fellesnemnda som **nytt** vedlegg.

Innstillinga vart deretter samrøystes tilrådd frå partssamansett utval til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

1. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune tar vedlagte drøftingssak, med vedlegg frå hovudsamanslutningane og organisasjonane, til orientering.
2. Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune ønskjer å gje følgjande innspel:
 -
 -
 -

PS 11/19 Etiske retningslinjer for nye Øygarden kommune frå 01.01.2020

Innstilling:

Etiske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20, vert vedtekne slik dei ligg føre.

Handsama i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til prosessen etter at saka om etiske retningslinjer vart sendt ut på ny høyring.

Det har kome éit innspel til retningslinjene innan fristen, frå organisasjonane i Øygarden, og dette innspelet vil følgje saka vidare som **nytt** vedlegg til behandling i fellesnemnda. Innspelet vart også lagt fram i møtet i partssamansett utval, og stemt over i møtet:

- Under punkt 1. Innleiing:

I siste avsnitt bør det og stå at **leiarane på alle nivå har eit særleg ansvar for å gå gjennom dei etiske retningslinjer med dei tilsette i eininga minst ein gong i året, også ved ny tilsetjing. Leiar må syte for at tilsette underteiknar på at retningslinjene er lest og forstått.**

*Setninga vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som ny setning til etisk reglement, punkt 1 siste avsnitt.*

- Under punkt 2. Innbyggjarane:

Det er stor forskjell på å vera tilgjengeleg; tolkast her som at ein kan bli kontakta når som helst. Bytt ut ordet tilgjengeleg med imøtekomande.

Setninga fekk 8 stemmer mot og 6 stemmer for (mindretallet: hovudtillitsvalde), og fall.

- Under punkt 4. Openheit:

Ny andre setning: tilsette skal oppleve likeverd og respekt.

- Setninga vart endra i møtet, slik at orda «likeverd og respekt» vart lagt til eksisterande setning i reglementet punkt 4 fyrste avsnitt: «Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit, integritet, **likeverd og respekt**».

*Dette tillegget vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som tillegg til etisk reglement, punkt 4 fyrste avsnitt.*

- Under punkt 5. Lojalitet og ytringsfridom:

Etter første setning i fjerde avsnitt: ytringsfridomen gjev tilsette rett til å uttale seg kritisk til forhold i verksemda som dei jobbar i, basert på fagleg innsikt.

Må få inn dette etter fjerde avsnitt:

Dei tillitsvalde og verneomboda står i ei særstilling når det gjeld ytringsfridomen og skal tale medlemmene og dei tilsette si sak. Det skal difor meir til før ein tillitsvald eller eit verneombod vert vurdert for brot på lojalitetsplikta.

Setninga fekk 8 stemmer mot og 6 stemmer for (mindretallet: hovudtillitsvalde), og fall.

- Under punkt 6. Gildskap:

Ein bør som hovudregel søkja og unngå at personar i nær familie kjem i underordna/overordna forhold til kvarandre ved tilsetjingar for å unngå ugildskap og ev. andre forfordelingar.

*Setninga vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som ny setning til etisk reglement, punkt 6 etter siste avsnitt.*

- Under punkt 8. Gåver og andre fordelar;
Det har ingenting i kommunen sine etiske retningslinjer å gjere at det står at arbeidstakarorganisasjonane skal betale for tilsette sine utgifter til tenestereiser. Dersom ein tilsett reiser på tenestereiser i regi av kommunen skal kommunen betale for dette. Stryk arbeidstakarorganisasjonar i setninga i andre avsnitt.
- Setninga vart endra i møtet, slik at opphavleg setning i punkt 8, andre avsnitt, vert retta til: «Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av **kommunen eller annan offentlig mynd**».

*Denne setninga vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som justering av etisk reglement, punkt 8 andre avsnitt.*

- Under punkt 9. Uønskt åtferd / rett til å varsle;
Kven varslar ein til dersom ein blir kjent med at det er ordføraren som bryt etiske retningslinjer? Varslingsrutinane skal henge lett tilgjengeleg på alle arbeidsplasser.
- Setninga vart endra i møtet, til fellesframlegg om ny setning punkt 9, tredje avsnitt: «**Nye Øygarden kommune skal ha eit eige varslingssekretariat**».

*Denne setninga vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som ny setning til etisk reglement, punkt 9 tredje avsnitt.*

- Under punkt 9. Uønskt åtferd / rett til å varsle;
Sosiale medium: Kommunen sine kontoar på sosiale medium skal nyttast til å fremje kommunen sitt offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar. Folkevalde og tilsette skal vere medvitne si rolle i kommunen ved privat deltaking i sosiale medium.

*Avsnittet vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som nytt avsnitt til etisk reglement, punkt 9 etter siste avsnitt.*

- Under punkt 10. Registrering av styreverv og økonomiske interesser;
I siste avsnitt:
Folkevalde og likeins tilsette **skal** registrere egne verv og interesser til kommunen for å sikre
- Setninga vart forklart i møtet som ei presisering, med at dei opphavlege orda i setninga «vert oppmoda til sjølve å» vert erstatta med ordet «**skal**».

*Denne presiseringa vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som justering av etisk reglement, punkt 10 andre avsnitt fyrste setning.*

I tillegg informerte møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy om at det har kome fleire høyringsinnspel etter fristen og desse vart alle bedt om å fremje innspela direkte i møtet i partssamansett utval ev. i fellesnemnda. Det vart såleis fremja følgjande framlegg i møtet:

Framlegg frå hovudsamanslutningane og organisasjonane v/ hovudtillitsvald Nina Zandstra:

- Under punkt 5. Lojalitet og ytringsfrihet;
3. avsnitt siste setning – tillegg:
Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den følgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld, upåverka av eventuelle faglege eller politiske motforestillinger, **så lenge iverksetjinga ikkje er i strid med lov- og avtaleverk, sentrale retningslinjer eller etisk uforsvarleg.**

*Framlegget vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som tillegg til etisk reglement, punkt 5 tredje avsnitt siste setning.*

Framlegg frå Kari-Anne Landro:

- Under punkt 4. Openheit:
2.avsnitt, sett inn ny setning etter fyrste setning:
Øygarden kommune skal praktisera meiroffentlegheit og meirinnsyn.
- Under punkt 11. Oppfølging:
1.avsnitt, sett inn ny setning på slutten av avsnittet:
Brot på retningslinene kan få konsekvensar for den enkelte sitt arbeidsforhold.
- Nytt punkt 12. Bruk av kommunen sine eigendelar:
Kommunen sine ressursar og eigendelar skal takast vare på og brukast på den mest økonomiske og rasjonelle måten. Privat bruk av kommunen sine eigendelar skal som hovudregel ikkje skje. Alle har eit ansvar for å melde frå om tilhøve som kan påføra arbeidsgjevar, tilsette eller omgjevnadane tap eller skade, slik at det kan setjast iverk tiltak med sikte på å unngå eller avgrense tapet eller skaden.

*Desse framlegga vart **samrøystes tilrådd** til fellesnemnda som justering og tillegg til etisk reglement; punkt 4 andre avsnitt, punkt 11 fyrste avsnitt, nytt punkt 12.*

Medlem Jogeir Sognnæs viste til referanse til lovendring som må oppdaterast i reglementet:

- Under punkt 9. Uønskt åtferd / rett til å varsle:
4.avsnitt – referanse til Arbeidsmiljølova §§2-4 og 2-5 må endrast til **kapittel 2 A, §§ 2 A1 - A4.**

Innstillinga, justert i tråd med voterte endringsframlegg som vist til i handsaminga, vart tilrådd frå partssamansett utval til fellesnemnda.

Tilråding i Partssamansett utval Nye Øygarden kommune - 04.06.2019:

Etiske retningslinjer for Øygarden kommune frå 01.01.20 vert vedtekne slik dei ligg føre, men justert i tråd med følgjande tilrådde endringsframlegg referert punktvis;

1. Innleiing – *ny setning siste avsnitt;*
Leiarane på alle nivå har eit særleg ansvar for å gå gjennom dei etiske retningslinjer med dei tilsette i eininga minst ein gong i året, også ved ny tilsetjing. Leiar må syte for at tilsette underteiknar på at retningslinjene er lest og forstått.
4. Openheit – *justering av fyrste avsnitt;*
Alle har eit felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø, og utvikle ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.
4. Openheit – *ny setning andre avsnitt;*
Øygarden kommune skal praktisera meiroffentlegheit og meirinnsyn.
5. Lojalitet og yringsfrihet – *tillegg til 3.avsnitt siste setning;*
Når vedtak er fatta og ei avgjerd er endeleg, skal den følgjast opp utan unødig opphald innanfor dei rammer som gjeld, upåverka av eventuelle faglege eller politiske motførestellingar, så lenge iverksetjinga ikkje er i strid med lov- og avtaleverk, sentrale retningslinjer eller etisk uforsvarleg.
6. Gildskap – *nytt avsnitt nedst;*
Ein bør som hovudregel søkja og unngå at personar i nær familie kjem i underordna/overordna forhold til kvarandre ved tilsetjingar for å unngå ugildskap og ev. andre forfordelingar.
8. Gåver og andre fordelar – *justering av andre avsnitt;*
Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen eller annan offentlig mynde.

9. Uønskt åtferd / rett til å varsle – *ny setning tredje avsnitt*:
Nye Øygarden kommune skal ha eit eige varslingssekretariat.
9. Uønskt åtferd / rett til å varsle – *justering av andre setning i fjerde avsnitt* ;
I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova kapittel 2 A, §§ 2 A1 - A4.
9. Uønskt åtferd / rett til å varsle – *nytt avsnitt nedst*;
Sosiale medium: Kommunen sine kontoar på sosiale medium skal nyttast til å fremje kommunen sitt offisielle syn, og skal ikkje nyttast til å fremje personlege oppfatningar. Folkevalde og tilsette skal vere medvitne si rolle i kommunen ved privat deltaking i sosiale medium.
10. Registrering av styreverv og økonomiske interesser – *justering av siste avsnitt*;
Folkevalde, og likeins tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett, skal registrere andre verv og interesser for å sikre openheit og transparens om økonomiske tilhøve, for slik å byggje tillit rundt dei prosessane ein deltek i.
11. Oppfølging – *ny setning nedst fyrste avsnitt*;
Brot på retningslinene kan få konsekvensar for den enkelte sitt arbeidsforhold.
12. Bruk av kommunen sine eigendelar – *nytt punkt*;
Kommunen sine ressursar og eigendelar skal takast vare på og brukast på den mest økonomiske og rasjonelle måten. Privat bruk av kommunen sine eigendelar skal som hovudregel ikkje skje. Alle har eit ansvar for å melde frå om tilhøve som kan påføra arbeidsgjevar, tilsette eller omgjevnadane tap eller skade, slik at det kan setjast iverk tiltak med sikte på å unngå eller avgrense tapet eller skaden.